


DEN BERGENSKE KONGEVEG



Me står no i bygdesenteret Bruflat, eller Blåflat som det uttalast på dialekt. Senteret er bygd rundt kyrkja. Det er usikkert kor gamal kyrkja er, men ho har hatt den noverande plasseringa sidan 1784. Steinbrua over Vesleelve vart bygd samtidig med Lundebrua (1829). Bruflat har i mange år hatt kommunale bygg. Heradshus frå 1958, gamleheim frå 1959 og helse- og sosialsenter frå 1968.

På garden Bruflat har det i alle fall vore gardsdrift frå mellomalderen. Dei noverande husa er bygde i fyrste halvdel av 1800-talet, og var det fyrste handelssenteret i Etnedal med skyss-stasjon, butikk og posthus. I dag er det privat bustad. Garden ligg ved Den Bergenske kongevegen som vart bygd gjennom Valdres i andre halvdel av 1700-talet. Det var ein hovudveg som starta i Christiania, og gjekk gjennom Hadelandsbygdene og Landsbygdene, før han kom inn i Valdres ved Høljarast.

Kongevegen følgde Etna frå Høljarast til Bruflat, og gjekk mellom anna over Lundebrue. Frå Bruflat svinga vegen over åsen mot Aurdal og kom att ved Tonsbakken. Herifrå held vegen fram gjennom Valdres over Filefjell til Lærdal, og derifrå til Bergen.

Denne traseen vart fyrst i 1860-åra erstatta av den noverande vegtraseen over Tonsåsen. Kongevegen mellom Bruflat og Tonsbakken har sidan til dels vorte brukt som gardsveg. I 1992 vart han sett i stand som turveg. Det har vore fleire vegleier mellom Bruflat og Tonsbakken. Den eldste gjekk om Breie, men ei tid rundt 1800 vart vegen lagt om slik at han gjekk om Hestkinn, før han vart lagt om Breie att. Det er traseen om Breie som no er turveg. Leia om Hestkinn er i stor grad gjengrodd og borte. Ein finn mange interessante kulturminne langs ruta. Det er sett opp informasjonstavler mellom anna ved husmannsplassar, lysverket, garden Breie, gravstaden i Hestekind og ved Breiesleiren.

Kjelde: Gard og bygd i Etnedal, Harald Hvattum

